



## Ordføreren sitt hjørne – november 2016

Formannskapet er godt i gang med budsjettarbeidet. Rådmannen presenterte administrasjonen sitt framlegg den 18. oktober, og hovudutvala har gått gjennom framlegget og kome med sine innspel. Administrasjonen har gjort ein grundig jobb, så det ser ikkje ut til at det blir dei store endringane i det som formannskapet legg fram etter møtet 6. desember. Då blir framlegget lagt ut til høyring før handsaming i kommunestyret tysdag 20. desember.

Etter at Rådmannen presenterte sitt framlegg har kommunen fått oversyn over skattegrunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk. Det syner at kommunen får ein reduksjon på 2,4 millionar kroner for 2017. Dette er ein nedgang på heile 25%. Kraftprisen er ein svært avgjerande faktor for verdifastsettinga for kraftverk, men ein viktig faktor er også kapitaliseringsrenta. Til høgare den er, til lågare blir verdien av kraftverket. Kapitaliseringsrenta ha vore konstant på 4,5% i mange år sjølv om alle andre rentenivå har gått ned. LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) har på vegne av medlemmene sine krevd at denne renta blir justert i samsvar med renta elles i samfunnet, og sett til 3% for inneverande år. Signala attende frå Finansdepartementet er negative, lell om det betyr svært lite for statskassa.

Hovudveg aust-vest er ei varm sak om dagen. Vegvesenet la i januar 2015 fram «Utredning om forbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet «Der var tilrådinga at den ein av to hovudvegar skulle vera Rv 52 Hemsedalsfjellet. Statsråden konkluderte i desember 2015 med at den sørlege hovudvegen skal vera E 134 Haukeli, og før han tok stilling til val av nordleg hovudveg bad han om ein KVU for Rv 7 og Rv 52 for strekninga Gol-Voss. Statens Vegvesen la fram KVUen no den 1. september. Resultatet vart det same. SVV tilrår Rv 52 som den nordlege hovudvegen. Er dette rett for Hemsedal? Kommunestyret har ved to høve handsama spørsmålet og meiner det, og skal gje uttale til SVV i møtet no den 1. desember.

Sidan Lærdalstunnellen kom har trafikken gjennom Hemsedal auka veldig mykje, og nesten 1/3 av bilane over fjellet er tunge bilar. Dette har skjedd trass i at E16 Filefjell vart vedtatt skulle vera stamvegen mellom Oslo og Bergen, og vegen er utbetra for mange milliardar dei seinare åra. Bilistane vèl den vegen som er kortast og billigast å køyre, og dei les ikkje Stortingsvedtak. Hemsedalsfjellet er 40 km kortare enn Filefjell, og det er ein grei fjellovergang. Derfor har me fått den sterke trafikkauken.

Ein fullt utbygd Rv 7 over Hardangevidda og ein ny «Måbødal» vil nok ta ein del bilar bort frå Hemsedal, men vegforkortingar på strekninga Ålesund – Skei vil føre til meir trafikk derifrå inn på Rv 52. Dersom Rv 52 er i nokon lunde god stand, vil nok trafikken over Hemsedalsfjellet heller auke enn minke, og god veg inn til Hemsedal både frå aust og vest er nødvendig for vårt eige næringsliv, så å «grava over vegen» er neppe noko alternativ. Det å stenge nokre vegar for gjennomgangstrafikk av lastebilar er heller ikkje noko som er gangbar politikk i Norge.

Det er derfor viktig at Rv 52 får statusen som hovudveg. Det vil lettare bli gjeve løyvingar til nye tiltak og utbetringar. Det som ligg inne i SVV sine tilrådingar er ny veg Svenkerud-Gol/Robru og ny omkøyringsveg utanom Ulsåk, Trøym og Tuv, før tiltak blir gjort over fjellet. Det er veldig positivt for Hemsedal. Eksakt kvar omkøyringsvegen skal gå er ikkje tema i KVUen, men det er i kalkylane lagt inn ny veg på 11 km. Det er omtrent det same som den traseen som er lagt inn i kommuneplanen. Det er reguleringsplan og prosess når vegen skal byggjast, som vil avklare detaljane kvar vegen skal gå. No er det viktig å få statusen som hovudveg. Den vil gje pengar til kortsiktige løysingar som gangvegar og andre tiltak, og på sikt nye parsellar som vil føre til ein heilt annan trafikksituasjon i bygda. Får me ikkje status som hovudveg får me berre bilane.

Med ynskje om ei god adventstid!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører